



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 18.08.2009.

Visningsfjøs i Hordaland..

Den nye geitefjøsen til Bernt Sævareid, 5590 Etne, vart teken i bruk sist vinter. Fjøsen er bygt som eit tilbygg til den gamle men framstår som ein heilt ny fjøs ved at den inneheld nytt husdyrrom, nytt mjølkerom og ny mjølkeavdeling. Mjølkeavdelinga er adskilt frå husdyrrommet og er bygt opp med ein 2 x 12 mjølkestall levert av AHI.

Fjøsen har som sagt vore i bruk sidan i vinter og bygginga skjedde i samband med sjukdomssanering. I år består geiteflokken difor berre av førstegongs kjeaar. I starten på mjølkesesongen var det noko jobb med å venne geitene til å gå på plass i mjølkestallen men etter ei stund har det gått veldig bra.

Brukar er svært nøgd med planløysinga og har registrert at mjølkinga går betydeleg fortare med mjølkestall enn ved mjølking i bingje. I tillegg er arbeidsforholda til røktar ikkje til å samanlikne med mjølking i bingje vert det sagt.

Om du ynskjer å sjå fjøsen så ta kontakt med Bernt Sævareid på telefonnummer: 91862857

Ola Søgnesand